



Uskedelingen Sindre Aksnes, som er ein svært dyktig trommeslagar og perkusjonist, er russ i år og sentral aktør i russerevnen som hadde første framsyning torsdag og har den neste imorgon. Men Sindre kan mykje meir, det viser han i revyen og då ikkje minst i sketsjen som biletet over er henta frå. Saman med Jonas Røsland Havnerås og Joakim Olsen har han gått over til å vera homofil for å likna Justin Bieber og om mogeleg pådra seg meir dametekke i tillegg.

Også Magne Fitjar i HusnesNett rosar revyen som han kallar imponerende, ikke minst fordi dei unge aktørane er så samspelte.

Han berømmar mellom anna jentene for deira sangprestasjonar. Revyen er tematisk utfordrande, men aldri kjedeleg, konkluderar anmeldaren

Tekst: Ola Matti Mathisen
Foto: Magne Fitjar